

## NOTAT

**GÅR TIL:** Styremedlemmer  
**FØRETAK:** Helse Vest RHF  
**DATO:** 01.06.2018  
**FRÅ:** Administrerende direktør  
**SAKSHANDSAMAR:** Gjertrud Jacobsen  
**SAKA GJELD:** **Statusrapport regionalt prosjekt for kreftkirurgi og annan kirurgi**

**ARKIVSAK:** 2017/1056  
**STYRESAK:** **069/18**

**STYREMØTE:** **19.06.2018**

### **Administrerende direktør si orientering pkt. 5**

---

Styret i Helse Vest blei i styremøte 5 april 2018, sak 46/18 *Orientering om regionalt prosjekt om kreftkirurgi og annan elektiv kirurgi*, orientert om status for arbeidet.

For å følgje opp krav i Nasjonal helse- og sjukehusplan og føringar i oppdragsdokument frå Helse- og omsorgsdepartementet til Helse Vest, skal det skal utarbeidast forslag til ny funksjonsfordeling for kreftkirurgi i Helse Vest basert på rapporten «Kreftkirurgi i Norge» IS-2284. Prosjektet skal og vurdere tiltak for god utnytting av samla kirurgikapasitet i regionen.

Prosjektet har arbeidd grundig med å få fram eit godt datagrunnlag for aktivitet innan kreftkirurgi i regionen som alle føretaka sluttar seg til basert på data frå Norsk pasientregister. Vidare er det gjort ei kartlegging av faglege krav som er satt av Helsedirektoratet til verksemder som skal drive med kreftkirurgi for alle føretaka.

Basert på kartlegging av krav til kreftkirurgisk verksemd og volumkrav sett i rapporten frå Helsedirektoratet har Helse Vest lagt fram forslag til ny funksjonsfordeling innan kreftkirurgi i regionen. Dette forslaget har vore drøfta i prosjekt- og styringsgruppa. Prosjektet har ikkje kome fram til eit samla forslag førebels. I styringsgruppa blei det avgjort at det skal gjerast ei risiko- og sårbarheitsanalyse (ROS-analyse) av det konkrete forslaget til funksjonsfordeling før prosjektet legg fram endeleg forslag til funksjonsfordeling. For dei kreftformene der det er aktuelt å flytte kirurgisk behandling vil ROS-analyse også synleggjere samla konsekvensar av flytting for annan type kirurgi.

ROS-analyse vil bli gjort av eit eksternt konsulentfirma. Dette inneber at prosjektet blir noko forsinka, og endeleg sak blir lagt fram for styret i Helse Vest tidlegast i november 2018.